



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Dato: 22.11.2024
Saksnummer: 24/64449-2
Deres ref.:

Uttale til høyring av endringar i forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket

Administrativ uttale

Forskriftsendringane er vurdert å vera av administrativ interesse og uttalen kjem difor frå Stavanger si administrative landbruksforvaltning i næringsavdelinga vår. Den vil bli referert til politisk nivå, og eventuelle endringar eller tillegg vil bli ettersendt om politisk nivå ynskjer det.

Det viktigaste for landbrukskommunen Stavanger, som td er er størst i landet på tomat, egg og sau, er at det framleis er gode muligheiter til å få investeringsstøtte til utvikling av landbruket i produksjonar med markedsptesiale.

Klar rolledeling og godt samarbeid

Stavanger kommune legg vekt på å ha eit godt og effektivt samarbeid med Innovasjon Norge også innan landbrukstilknytte satsingar. Dei forenklingane som det er lagt opp til, vil bidra til det.

Igangsetjing

Det er positivt at bønder kan kome i gang med mindre deler av prosjekta sine før søknaden er ferdighandsama av Innovasjon Norge. Den foreslåtte formuleringa legg til rette for at søkjar kan starte med mindre deler av prosjektet på eigen finansiell risiko, hvis alle naudsynte løyver etter lovverk, som plan- og bygningslova mfl er gitt, før dei går i gang.

Klargjering av rollar for kommunen innan landbruk og byggesak.

Dersom kommunale oppgaver fell bort må det gjerast tydeleg i forskrift og søknadsskjemaet. Det vil likevel vera nyttig at kommunen som landbruksmynde har ei tydeleg forskriftsfesta plikt til å samarbeide med innovasjon Norge om mobilisering til og kvalitetssikring av søknader.

Med helsing

May Britt Jensen
landbrukssjef

seksjonsleder

Vedlegg

Kopi til:

Statsforvalteren i Rogaland - landbruksavdelingen,

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur